

Osterøy kommune

14.03.2022

## **Søknad om dispensasjon på gnr. 141 og bnr. 3 på Burkeland**

Det vert søkt om dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel med formål LNF, då ei tomtedeling vil gjera den eksisterande bustaden om til ein bygning som ikkje er knytt til gardsdrifta og dermed ikkje er innanfor plankravet.

### **Bakgrunn for søknad**

Tiltaket gjeld å dela frå eine våningshuset på garden slik at det får eiga tomt.

Tiltakshavar ynskjer å dela frå det eldre våningshuset då det ikkje er behov for to hus på garden. Eit familiemedlem vil gjerne bu i huset, og ei deling vil gjera det økonomisk forsvarleg å ta det i bruk i staden for å la det forfalla.

Ein annan fordel er at den nye parsellen ligg i utkanten av eigedommen, og at den ligg i eit område som ikkje er klassifisert som beite eller dyrka jord, slik at ei deling vil ha liten innverknad på gardsdrifta.

Parsellen har naturlege tomtegrenser mot nabo eigedommen i søraust og nordaust, og mot nordvest er grensa i sett slik at den er innanfor avstandskravet i Plan - og bygningslova.

Det vil verta utarbeida tinglyste avtalar for å sikre tilgang til veg og vatn/avløp.

Me vurderer det slik at fordelane ved å gje dispensasjon er større enn ulempene samstundes som intensjonane i kommuneplanen ikkje vert sett til side.

Med venleg helsing

**Helge Rød A/S**  
Synnøve Tveiterås